


ÅRSPLAN 2021/2022



Årsplanen er godkjent i SU 18.10.21

Innhald

Kort presentasjon av barnehagen	
Barnehagen sine styringsdokument	
Verdiar i Bjørnafjorden kommune.....	
Omsorg, leik, danning og læring.....	
Satsingsområder i dei kommunale barnehagane	
Dei sju fagområda.....	
Barn si medverknad.....	
Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	
Overgangar.....	
Foreldresamarbeid	
Samarbeidspartnarar.....	

Kort presentasjon av barnehagen:

Jettegryto er ein 3-avdelings barnehage som ligg sentralt til i Eikelandsosen med mange ulike fasilitetar i nærleiken som Fjorden Arena, stor kunstgrasbane, bondegard, fleire leikeplassar, symjehall, butikkar, bibliotek og flotte turar til både skog, vatn og sjø. Det inngjerda uteområdet vårt er svært allsidig og me har ein eigen hage som heiter *Jettehagen*. Der har me plantekassar, bærbuskar, gapahuk og grillhytte.

Avdelingane har namn etter naturelement som er forbunde med jettegryter. I år er alle avdelingane organisert etter alderstrinn. Småbarnsavdelinga *Skarvet* 0-2 år, *Hålo* 2-3 år og storbarnsavdelinga *Fossen* med 4 og 5 åringar.

Jettegryto barnehage er ein barnehage med eit rikt mangfald frå ulike nasjonar og me er ein livleg gjeng som finn på mykje kjekt saman.

Barnehagen sine styringsdokument:

- Lov om barnehagar med føringar for drift av barnehagen.
- Rammeplan for barnehagar med retningslinjer for verdigrunnlag, innhald og oppgåvene til barnehagen.
- Lokale styringsdokument som gjeld barnehage.
- FNs Barnekonvensjon
- Forskrift om miljøretta helsevern
- Overgangsplan
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden kommune
- Årsplan og månadsplan
- Kompetanseplan for tilsette

Verdiar i Bjørnafjorden kommune:

- Vi lyttar med respekt
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier
- Vi er inkluderande

Omsorg, leik, danning og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne med bakgrunn i enkeltbarn og barnegruppa sine behov legg me opp til ein variert kvardag. Tilsette kan ikkje overføra sin kunnskap direkte til barna, dei må sjølv erfare, medverke og delta i sin eigen danningssprosess. Glade og trygge barn er det beste vi veit! Hos oss er danning gjennom leik, meistring og vennskap det som styrer alt me gjer i kvardagen.

Måla i arbeidet vårt blir retta mot prosessar som fremjar barns læring: leik, vennskap, omsorg og nysgjerrigheit. Dei tilsette er *Trygge, Tydlege og Trivelege!*



Satsingsområde i dei kommunale barnehagane:

Livsmeistring:

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. (Rammeplanen 2017)

Dei kommunale barnehagane i Bjørnefjorden kommune har kompetansehevingsplan for arbeid med psykososialt barnehagemiljø. Dette arbeidet går over perioden 2020 – 2022.

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne ved at vi:

- Hjelper barna med å skape gode relasjonar
- Vi støttar barna der dei er, hjelper dei å takle sine kjensler.
- Vi har god og open dialog med føresette.
- Tar kvar minste bekymring på største alvor.
- Gir barna tru på seg sjølve
- Vi setter positive og trygge grenser.
- Vi møter barna med omsorg og glede.
- Skapar robuste barn som kan takle motgang og utfordringar.
- Vi har gode rutinar for å førebyggje og handtere krenking og mobbing.
- Vi har fokus på voksenrolla og relasjonar.

Livsmestring handler om å imøtekomme barns behov for lek, trygghet og mestring i hverdagen. De gode erfaringene barn gjør i møte med andre barn og sensitive ansatte vil bidra til at robusthet, trygghet og motstandsdyktighet vil øke.

Drugli & Lekhal

Bærekraftig utvikling:

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne slik:

- Vi kjeldesorterer.
- Legg til rette for å oppleve glede over å ferdast i naturen og få kjennskap til mangfoldet i naturen gjennom ulike årstider.
- Har eigen kjøkkenhage, frukttær og bærbuskar.
- 5-årsklubben setter poteter om våren og den nye 5-årsklubben tar dei opp og lagar til potetfest for dei nye førsteklasingane om hausten.
- Bokashi (kompostering av matavfall)
- Me har som mål å gi barna verdier og haldningar som fremjar eit meir berekraftig samfunn.
- Inkluderer barna og samtalar om korleis me tar vare på naturen og omgivelsane.
- Gjenbruk
- Temaarbeid

Trafikksikker kommune:

Bjørnafjorden kommune skal vere ein trafikksikker kommune. Barnehagen har trafikkopplæring med barna og opplyser foreldre om barnehagens rutinar for trafikksikring på tur og i barnehagen på foreldremøte eller ved oppstart i barnehagen.

Dei sju fagområda:

Barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdsett ulike uttrykk og meiningar. Barnet skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. (Rammeplanen 2017)

Fagområda dekker eit vidt læringsfelt og vil ofte vere representert samstundes i all leik og aktivitet. Dei enkelte fagområda vil vera synleg i barnehagen sine planar. Barnehagedagen skal by på utfordringar og aktivitetar for alle.

Dei sju fagområda barnehagen skal arbeide med er definert i Rammeplanen:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsl, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Mengd, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne slik:

Dei 7 fagområda inngår som ein naturleg del av barnehagekvardagen, der leiken er ein viktig arena. Me undrar oss, og gir barna gode erfaringar innanfor alle dei ulike fagområda. Arbeidet med fagområda tar utgangspunkt i barna sin alder, modning, interesse og har ein progresjon.

Barn si medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barna skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage oppmuntrar vi og gir barna rom til å ytre deira ønsker og tankar, tilpassa alder og modning. Vi brukar observasjon som metode for å tolke barnas uttrykk og interesser. Ta barna med i evalueringa – korleis opplevde dei aktiviteten? La barna gjennom medverknad få erfare at deira meiningar og ynskjer er viktige og blir tatt på alvor.

Planlegging, vurdering og dokumentasjon:

Planlegging:

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne gjennom månadsplanar i Mykid. Vi brukar møtepunkt aktivt for å lage tilpassa, gode planar for barnegruppa, med utgangspunkt i barnas interesser og implementerer det i planane. Planlegginga bygger også på tidlegare evalueringar. Vi planlegg både felles på huset og avdelingsvis.



Vurdering:

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudmålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne:

- Tilsette regelmessig observere barnas trivsel i barnehagen. Foreldre si tilbakemelding er også viktig.
- Pedagogisk arbeid blir evaluert; kva gjekk bra, kva kunne vore gjort annleis, oppnådde me det me ynskte? Dette legg grunnlaget for vidare planlegging.
- Samtale og refleksjon rundt ulike tema i personalgruppa aukar kunnskap. Kor står me, kor vil me, kva må til.
- Plandagar, personalmøte, avdelingsmøte, undervegs vurdering.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider med å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne ved at dei tilsette i barnehagen arbeider for å ha eit bevisst og reflektert forhold til kva vi dokumenterer og kvifor. Dei har eit mangfald av metodar å dokumenta arbeidet på. Vi bruker foto, film, tekstskaping, utstillingar, evalueringar, praksisforteljingar, utsegn frå barn, refleksjon.

All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar. Mykid er vår kommunikasjonsplattform, den er godkjend i forhold til GDPR og kun for tilsette og føresette. All informasjon, planar og anna dokumentasjon blir lagt ut her.

Overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Ved overgangar innad i barnehagen skal personalet sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjent med andre barn og anna personalet. Ved overgang til skulen skal barnehagen i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. (Rammeplanen 2017)

Bjørnafjorden kommune har ein felles plan som skal sikra gode overgangar.

Tilvenning:

I Jettegryto barnehage har vi:

- Foreldremøte og samtale før oppstart for nye foreldre.
- Nye foreldre og barn får komme på besøk i barnehagen.
- Foreldra er med barnet dei første dagane. Kor lenge foreldra er til stades vert vurdert i samarbeid med føresett for kvart enkelt barn.
- Informasjonsbrev.
- Legge opp til god bemanning ved oppstart og at få barn startar samtidig.

Overgangar innad i barnehagen:

I Jettegryto barnehage har vi:

- Besøk på ny avdeling før byte.
- Tilsette på ny avdeling er bevisst på å bli kjent med nye barn før bytte.
- Overføringssamtale/skjema.
- Når det er mogleg, følgjer ei av dei tilsette med over til ny avdeling.
- Felles aktivitetar for barna som skal utgjere den nye avdelinga.

Overgang barnehage – skule:

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne:

- Eigen plan for møtepunkt mellom 1./4. klasse og 5-årsklubb det siste året i barnehagen
- Besøk på skulen/skulen besøk i barnehagen
- Felles turar med skulen
- Overføringssamtale mellom ped.leiar og kontaktlærer/rektor
- Overføring av informasjon til skulen ang barn med særskilde behov (Etter samtykke frå foreldre). Skulen deltek også på samarbeidsmøter siste året i barnehagen.

Foreldresamarbeid:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammepleanen 2017)

I Jettegryto barnehage kjem dette til syne:

- Møte foreldre oppmerksomt i hente/bringesituasjon.
- Foreldresamtalar.
- Oppstartsamtalar.
- Foreldremøter.
- Ta foreldre og deira tilbakemeldingar og innspel på alvor.
- God dialog, tilby ekstra samtale ved behov.
- Informasjon om kva som har skjedd i løpet av dagen på avdelinga.
- Handlingsplan mot mobbing.

Samtale og dialog med foreldra aukar vår kunnskap om barna og er med på å leggje grunnlaget for tilrettelegging av eit miljø som fremmar trivsel og utvikling

Foreldreråd (FAU) og Samarbeidsutvalet (SU)

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

I Jettegryto har kvar avdeling ein foreldrerrepresentant. Ein av desse blir Fau-leiar og ein representant er medlem i SU.

Samarbeidspartnarar:

Helsestasjonen:

Helsestasjonen kan gje råd og rettleiing til personalet i barnehagen ved behov.

Pedagog-psykologisk Tenestekontor (PPT):

Dersom barnehagen ønsker hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje til det. Foreldra kan også sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ. Dersom eit barn får spesialpedagogisk hjelp er det spesialpedagoger frå Fagsenteret som utøver hjelpa.

Barneverntenesta:

Barneverntenesta kan vera ein god støttespelar i vanskelege situasjonar. Barnehagen vil alltid vera i dialog med foreldra og tek aldri kontakt med tenesta utan å informera foreldra først.

Barneverntenesta gir råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema. Alle tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barnevernet etter §46 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt.

Ressursteam:

Representantar frå helsestasjonen, PPT og barneverntenesta har faste møte med styrar og/eller pedagogiske leiarar i kvar barnehage. Med samtykke frå føresette kan ressursteamet delta i felles refleksjon, observasjon av samspel, leik og samhandling og liknande knytt til det einskilde barnet.

Andre samarbeidspartnarar:

- Fysioterapaut
- Statped
- Fusa vidaregåande skule
- Fusa ungdomsskule
- Lokale lag og organisasjonar



Pedagogisk årshjul:



Årshjul for
Jettegryto 2021 -202